




Hordaland Venstre

Osterøy Venstre


Program for perioden 2011-2015



Nettadresse:
<http://www.venstre.no/hordaland/osteroy/>

Osterøy Venstre

Program for perioden 2011-2015



Omsorg/helse

VENSTRE MEINER DET ER VIKTIG:

- at kommunen tenkjer førebyggjande arbeidet i helse og sosialsektoren
- at kommunen har ein god og førebyggjande omsorg for psykiatriske pasientar.
- at det er ein menneskerett å velja open omsorg eller institusjonsplass for pleietrengande eldre.
- at tilhøva må leggjast til rette for ein aktiv alderdom, td. ved å satsa på dagsentertilbod.
- at frivilligheitsentralen snarast vert gjenopprettet

Oppvekst/utdanning

VENSTRE MEINER:

- at skulestrukturen er til beste for at elevane kan få den beste opplæringa.
- at skulane får dei ressursane dei treng for at Osterøy skal bli ein kunnskaps- og utdanningssatsande kommune.
- at må satsast på fagleg vidareutdanning av lærarar for å betre kvaliteten på opplæringa.
- at offentlege og private barnehagar er likestilte sidan det er kvaliteten på tilbodet som er viktig.
- at kommunen må satsa på rusførebyggjing blant ungdom td. gjennom tilbod i grunnskulen.



Næring

Det er viktig for Osterøy å leggja forholda til rette for eit aktivt næringslivogså i framtida.

DIFOR MEINER VENSTRE:

- at Osterøy kommune må vere medspelar for næringslivet og for mangfaldet av bedrifter på Osterøy.
- at vi må arbeida for gode løysingar for utvikling av det store næringsarealet på Espenvoll, samt vidareutvikling av områda på Hauge.
- at kommunen nyttar den nyleg vedtekne kommuneplanen som verktøy for vidare næringsutvikling og til å førebyggja konfliktar mellom næringsinteresser og nærmiljø.

Samferdsle

VENSTRE MEINER

- at Osterøybrua skal bli gratis når den blir nedbetalt i 2014.
- at kommune fortsatt må leggja til rette for eit godt og tenleg kollektivtilbod i og ut av kommunen.
- at kommunen framleis trykkjer på for å sikra og betra vegen Bruvik – Kvisti og at ny veg her er Osterøy sitt neste store samferdsleprosjekt.
- at ein framleis arbeider for gjennomgangsveg i nordre delar av Osterøy
- at Osterøy kommune arbeider for med fleire gang- og sykkelstiar.
- at Osterøy kommune må vere pådrivar for at Arnatunnelen blir bygd.

Kultur

VENSTRE MEINER

- at Osterøy kommune må arbeida for å betre rammevilkåra for kulturen, gjennom å setje på dagsordenen å få bygd eit kulturhus, allaktivitetshus, gjerne samlokalisering med Idrettshallen på Hatland.
Det bør og vurderast å trekke private aktørar inn i eit slik prosjekt.

Kommuneøkonomi

VENSTRE MEINER

- at det å ha orden på kommuneøkonomien er viktig for å kunne ha handlefridom. Difor bør kommunen budsjettera med overskot, samt fjerna akkumulert underskot så fort som råd.
- at kommunen skal vere varsam med å nytte eigedomsskatt som inntekt, og at skatten bør avskaffast når gamalt meirforbruk er nedbetalt.
- at kommunale tenester må tola og bli gått i "saumane" for å bli kostnadseffektive. Sjølv om vi ikkje ønskjer "stoppeklokkeomsorg" er kommunen sine innbyggjarar best tent med mest mogleg omsorg for kvar krone.



Nettadresse:

<http://www.venstre.no/hordaland/osteroy/>